

Saksprotokoll i 30.01.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordfører gav slikt svar:

«Gjennom sanntidssystemet i bussane har vi gode data om forseinkingane som oppstår i linjenettet. For linje 5 viser sanntidsdata frå siste veker at 15-20 % av alle turane er mellom 3 og 10 minutt forseinka. Dette er primært i rush, trass i at køyretida vart vesentleg auka på denne linja frå hausten 2019. Større forseinkingar kan oppstå, i all hovudsak grunna særlege forhold i trafikken som til dømes midlertidige veg- eller tunellstengingar. Likevel har ein ikkje opplevd mange klagar frå dei reisande, mogleg grunn god informasjon om dei faktiske forseinkingane i våre kanalar.

Mobilitetseininga arbeider kontinuerleg med køyretider, slik at dei planlagde køyretidene i størst mogleg grad reflekterer den faktiske rutetida. Likevel må ein erkjenne at trafikkbiletet endrar seg frå dag til dag og på ulike tider gjennom døgeret, og såleis påverkar om bussane held dei planlagde rutetidene til ei kvar tid. Vidare inngår kvar einskilde linje i eit heilskapleg linjenett og rutetilbod. Linje 5 heng saman med lokale linjer i Loddefjord og Åsane, samt at tilbodet er tilpassa linje 6 og stamlinjene 3 og 4 der desse har felles trase. Føremålet er både å gi kundar i fellestrasé høgast mogleg frekvens, og for å kunna fordela bussane best mogleg utover ein klokkeperiode. På denne måten får ein også betre utnytting av kollektivareala i sentrum og på terminalane på best mogleg måte. Justeringar i køyretida på linje 5 har såleis konsekvensar ut over tilbodet på akkurat denne linja.

Kollektivstrategi for Hordaland (vedteke i 2014) peikar på full framkomst som ein føresetnad for å nå målet om effektive og føreseielege kollektivreiser, det vil seie at avgangane går som planlagt og forseinkingane er minimale. Dedikerte kollektivfelt, prioritering i lyskryss, kantstopp og parkeringsrestriksjonar er tiltak som vil auka framkomsten. Mobilitetseininga har eit tett samarbeid med operatør, og det har vore dialog om utfordringar med framkomsten rundt Eidsvågneset. Det er primært smale vegparti og parkerte bilar som er orsaka til framkomstproblema. Mobilitetseininga har teke utfordringane opp i kollektivgruppa knytt til Miljøløftet, der moglege tiltak blir drøfta. Det er planlagt ei befaring med aktuelle aktørar for å sjå nærare på moglege løysingar. Det er frå tidlegare kjend at det er vanskeleg å gjere større utbetringar her utan vesentlege/kostbare inngrep i terreng og bustader.»